

Ellinor Therese Birkeland
Hjellvikvegen 659
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4637 - 22/57837

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2022

Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedomen din - varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 203/6 Fyllingen

Tiltak: Lagring av hestemøk
Byggjestad: Sandvikavegen 150
Tiltakshavar: Ellinor Therese Birkeland

Viser til synfaring gjennomført den 22.06.2022 på din eigedom.



Tilstades under synfaringa:
Per Sveinar Morsund, Rådgjevar Miljø og tilsyn
Laila Bjørge, Avdelingsleiar landbruk
Roger Fjellsbø, Rådgjevar Miljø og tilsyn
Ellinor Birkeland, grunneigar
Lars Inge Birkeland, medeigar
Ingvald Fyllingen, nabo

Synfaringa vart gjennomført på bakgrunn av bekymringsmeldingar knytt til handsaming av hestemøk og meldingar om bruk av øverste etasje i låve til boligformål.

Saksutgreiing

Under synfaringa vart det vist 3 stader der hestemøk vart kompostert eller lagra.

- Noko hestemøk var lagt for kompostering utafor huset (punkt 1 på bilet)
- Noko hestemøk var lagt for kompostering på andre side av veg (punkt 2 i kartet)
- Hestemøk og grus frå luftegård var lagra i enden av skogsveg vist som punkt 3 i bilet.



Under synfaringa såg vi også på romma som var innreda i låven. I følgje grunneigar var dette innreda for at avløysar skal kunne ha toalett og oppholdsrom / spiserom utan å måtte nytte hovedhuset.

Vurdering


Det er strenge krav knytt til lagring og bruk av hestemøk. Det er tillate å lagre denne direkte på bakken men då må den skjermast mot overflatevatn og det kan også være naudsynt med tildekking for å unngå avrenning. I praksis vil det ofte være naudsynt med tildekking for å sikre at andelen tørststoff heldt seg over 25%. Lagringstida kan ikkje overskride 3 år.

Hestemøk som ikkje vert brukt til gjødsling kjem inn under avfallsregelverket og kan ikkje lagrast i meir enn eitt år. Det er i utgangspunktet ikkje tillatt å nytte kompostert hestemøk til terregngutbetring.

Hestemøk frå luftegarden som er lagra i enden av skogsvegen vist på kart nedanfor (nær Timmerskaret), inneheldt større mengder grus og sand i tillegg til jord og hestemøk.

Etter vår vurdering er ikkje dette ein godt egna plass for kompostering av hestemøk og denne praksisen kan ikkje fortsette.

Vi vurderer lagring av hestemøk og grus frå luftegård i området nær Timmerskaret som ulovleg dersom dette ikkje vert skjerma mot nedbør og spreia på dyrka areal innan 3 år.



Kompostering av hestemøk i området rundt hovudhuset er lovleg forutsett at dette vert nytta som gjødsel og spreidd på dyrka areal innan 3 år. Kompostert hestemøk må spreiest på dyrka areal. Dersom dette skal gjerast utanfor spreietidspunkta gitt i §23 i forskrift om gjødselvarer må dette søkast om.

Vi har foreløpig ikkje tatt stilling til om bruken av øverste etasje i løa er eit ulovleg tilfelle.

Kva kan du gjere for å unngå pålegg?

For å unngå pålegg må du gjøre ein av følgande:

- Hestemøk mellomlagra i Timmerskaret må sikrast mot avrenning i form av tildekking eller liknande tiltak.
- Dersom tiltak mot avrenning er vanskeleg å gjennomføra, må hestemøk i Timmerskaret fjernast og leggast på ein plass som er betre eigna for kompostering.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsle om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varsler kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ileyging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når det ulovlege tiltaket er retta.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsle om at tiltaket må bli retta innan fristen nedanfor og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved å gjennomføre eitt av tiltaka nemnt ovanfor.

Vi varsler også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **10.000** og løpende dagmulkt på kr. **200**, dersom det ulovlege tilhøvet ikkje er retta innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 15.12.2022**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ileyging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ellinor Therese Birkeland Hjellvikvegen 659 5281 Valestrandsfossen